

Magnar Æm 1980



## TROLLSENGA

for

dansar

forteljar

piano

altsaksofon i Ess

fløyte

basstromme

1 person

1 person

Tekst: Islandsk folkeeventyr i norsk nydiktning ved  
Magnar Åm.

(Omsett fra Jon Árnason si "Íslenzkar þjóðsögur  
og æfintýri" der snikkar Ebenezer i Flatøy  
fortel soga.)

Scenisk tilrettelegging: Åslaug Berre

Koreografi: Trine Thorbjørnsen Aasheim

Verket er tinga av Rikskonsertane til bruk på turnéar  
i barneskulen.


Viss forteljar les soga ordrett, hugs då på å gå  
sakte fram, ta mykje pausar, gi rom for ettertanke!



Forteljar:

Her skal de høre om ein gut  
 - omtrent så stor (syner med handa) -  
 som heitte Hlini.  
 Far hans var konge  
 - omtrent så brei (syner med hendene).  
 Alle var glade i Hlini.  
 Til og med trolla likte han. Og det er det  
 dette eventyret skal handle om.

Ein dag var Hlini og venene hans på jakt oppi  
 fjellet. Der skaut dei seg nokre dyr og fuglar  
 som dei skulle ha med heim og ete.  
 Men brått seig det innover dei ei skodde tjukka-  
 re enn graut; dei såg ikkje eit steg framfor  
 seg. Derved var det ikkje anna å gjere enn å  
 gi seg til og vente på at skodda skulle lette.  
 Men då det tok til å klarne, oppdaga dei at  
 det mangla ein: Hlini var vekk!  
 Dei ropa og leita - og ropa og leita.



Forteljar:

Men Hlini var som sokken i jorda.  
 Då kongen fekk høre det, la han seg beint ned  
 i senga og gret.



Forteljar:

"Viss nokon kan finne Hlini," sa han, "så skal dei få halve landet mitt!"

No budde det nokre fattigfolk på ein liten gard ikkje så langt derifrå. Dei hadde ei jente - henne skal de snart få sjå.  
Ho var snill og god - og heitte Signy.

Dansaren inn utanfrå  
med døkke -  
"Signy dansar"

### SIGNY DANSAR

*ten*

fl

pno

Venstre pedal nede

Høgre pedal.....

8va bassa loco

8va loco

(H.P.) Ped.

Ped.

mf

f

mf

f

(H.P.) Ped.

ff >

ff

dim —

8va bassa

(H.P.) .....

dim —

(H.P.) .....

pp

n=mp

loco

p

mp

f

ff

8va bassa

loco

(H.P.) .....

Ped.....

Ped.....

Ped.....

8va loco

f

ff

mf

Ped.....

Ped.....

Ped.....

(H.P.) ..... Ped.....

(H.P.) ..... 8va bassa

dim (H.P.)

(a niente)

Forteljar:

Då Signy fekk høyre at Hlini var borte, smurde ho seg niste i ein fart og strauk til fjells for å leite.

Heile dagen før ho og veina, - men fann ingen. No tok det til å skymast, og ho måtte finne seg ein stad å sove. Då fekk ho brått auge på ei hole i berget. Ho tok mot til seg og smaug varsamt inn.

Men gjett kva ho fekk sjå!

Der, på ei seng, på eit skinande gullteppe, låg sjølvaste kongssonen - Hlini - og sov! Ho gjekk bort og ruska i han, men han ville ikkje våkna. Og kva var det som stod skrive på teppet? Ho lurte og lurte.

Med eitt høyrdé ho eit merkeleg bulder utanfor. Ho stokk til og smatt fort inn i ein krok og gøymde seg.

Snu bildet, dansaren blir med på baksida. Framsida blir no hola og seng med rune- teppe og Hlini-dokke. Teksten på teppet ("Rull, rull avgarde, senga mi, dit eg vil") står opp ned.

Dansaren "oppdagar" hola og Hlini, prøvar å vekke han.

Set Signy-dokka bort og går til "Gygra"

$\text{♩} = 42$

Forteljar:

Og der kom det ei gyger så stor og svær og skræmeleg at det gjekk kaldt nedetter ryggen hennar Signy.

Dansaren inn med  
"Gygra" -  
"Gygra dansar"

NB  
noter

GYGRA DANSAR

munnstykke:


Forteljar: "Fy og fysj!" skreik gygra. "Denne kongssonens  
Dansaren "mimar" ser vakker ut - men luktar farleg ille!"  
Så labba ho bort til senga og tok til å kvine  
med ei hjarteskjerande røyst:



=56 Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini vaknar!

Forteljar: Og svanene song (får med seg borna på å synge  
og gjere svanerørsler med hendene):

Vakne Hli- ni!



(Fleire gongar)

Forteljar: Då vakna Hlini.  
"Vil du ha mat?" brølte gygra.  
"Nei," sukka Hlini.  
"Vil du ha meg då?" spurde gygra og gjorde seg  
litt finare i målet.  
"Nei, trøyste og bere!" klynka Hlini og snudde  
seg vekk.  
Gygra freste i sinne og ba han vere forsiktig  
med kva han sa. Så ropte ho på svanene endå  
ein gong for å få han til å sove:



Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini sovnar!

Forteljar: Og svanene kom og song (saman med borna):



So- ve Hli- ni! (Fleire gongar)

Forteljar: Med så gjort la ho avgarde igjen med bulder og  
brak.



b-tr > > > >

fp < fp < fp < fp

Forteljar (hentar fram Signy-dokka og fører no begge dokkene):  
Då det vèl hadde stilna, torde Signy seg fram  
frå kroken. Ho hadde fylgt nøye med kva gygra  
gjorde, og no kalla ho på trollsvanene med same  
songen:

- Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini vaknar!  
(Saman med borna:) - Vakne Hlini, vakne Hlini!

Forteljar: Hlini spratt opp og spurde forundra:  
"Kven er du?"

"Signy. Eg har leita etter deg. Alle leitar etter deg. For far din er heilt frå seg. Han har lova vekk halve landet til den som kan finne deg!"

Men du! Eg har ein plan: Når gygra kjem att i morgen, så skal du berre svare ja på alt ho spør deg om. - Få eitt vilkår: At ho fortel kva ho gjer på uti skogen og seier deg kva desse teikna på sengeteppet betyr!"

Hlini var med. Og så kalla Signy på svanene så han kunne få kvile seg om natta:

- Syng, syng mine svaner! Syng til Hlini sovnar!  
(Saman med borna:) - Sove Hlini, sove Hlini!

Forteljar: Sjølv kraup ho saman i kråa si og venta på morgondagen. (Set Signy-dokka bort)  
Natta gjekk - og halve dagen med. Heilt til det tok til å skymast på ny.

(♩ = 56)

Forteljar: Då buldra det i bakken. Signy heldt pusten.  
Der kom det kosteskaftet av ei trollkjerring inn i hola.

"Gygra dansar"

(Musikk: GYGRA DANSAR)

Forteljar: "Fy og fysj! Denne kongssonen luktar berre verre og verre! Men no skal me høyre då,  
om han er meir villig idag:  
Dansar "mimar".

- Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini vaknar!  
(Saman med borna:) - Vakne Hlini, vakne Hlini!

Forteljar: "No, har du sove deg til vêt inatt?" grynta ho,  
"Mat!?"  
"Ja takk," svara Hlini og tok føre seg av det ho baud fram.  
"Heh! Høyr der! Det var betre! Du er gjerne klar til å gifte deg med meg og då?"  
"Tja. Det skulle ikkje vere så heilt av vegen det, - om eg berre kan få svar på eit par ting først."

"Spør i veg, spør i veg!" ropte kjerringa, ho vart så glad at ho hoppa høgt.  
 "Sengeteppet mitt, kva er det som står på det?" spurde Hlini.

"Å det! Jau det skal eg seie deg. Det er ein tryllesong: "Rull, rull avgarde, senga mi, dit eg vil!" Set du deg i senga og syng den, fer ho avgarde med deg heilt dit du ynskjer deg!" "Ojoj, det var ikkje lite! - Og så lurte eg på kva du driv med om dagane?"

"For det meste jaktar eg. Men av og til må eg kvile. Då set eg meg gjerne innat eit tre og leikar med livsegget mitt."

"Livsegg!? Kva i alle dagar er det for noko?" Hlini gjorde store auge.

"Det er liksom livet mitt det. Vert det egget knust, er det ute med meg sjølv øg. Men det er så utruleg godt å halde i - nett som ein ball. Eg leikar ofte ball med det, kastar det i lufta og tek imot det igjen."

Hlini og Signy såg lurt på kvarandre.

Men no ville gygra gå.

"Kvil deg no godt ut! I morgon skal me halde bryllaup, - godguten min!" sa ho. Og så ropte ho på svanene:

- Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini sovnar!  
 (Saman med borna:) - Sove Hlini, sove Hlini!

Forteljar:

Sidan buldra ho utatt, yr av glede.  
 Men ho var ikkje før faren, så pila Signy fram  
 frå kroken sin og kalla på svanene:

- Syng, syng, mine svaner! Syng til Hlini vaknar!  
 (Saman med borna:) - Vakne Hlini, vakne Hlini!

Forteljar:

Så sette dei seg begge godt til rette i senga  
 og song tryllesongen:


(Saman med borna):



Syng unisont nokre gongar.

Prøv så i kånon: del salen i tre parti.  
 1 og 2 syng melodien (2 startar når 1 har sunge to taktar), parti 3 syng oppatt og oppatt dei to taktane som er merka 3 (start når 2 har sunge to taktar).

Saksofonen kan vere med i det unisone partiet:



Forteljar: Og senga rulla i veg. Først ynskte dei seg dit gygra heldt til. Ut av hola bar det og inn gjennom skogen. Attmed ei svær eik stansa senga. På andre sida av treet sat gygra. Ho heldt nett på med livsegget sitt, kasta det til vers og skratta vilt kvar gong.

## munnstykke:

=46  
 sax Eb  
 fff      3      3      3      dim      mf  
 gl      gl      gl      gl  
 x      x      x      x  
 gl      gl      gl  
 x      x      x      x  
 gl      gl      gl

Forteljar: Hlini tok fram bogen , la på ei pil - og skaut! (Flystrelyd - klapp!) Midt i egget, så det knasa - og gygra datt ned, daud som ei fille!

No måtte dei kome seg vidare, og dei ynskte seg heim til Signy sine foreldre:

(Saman med borna):

- Rull, rull avgarde, senga mi, dit eg vil!

(syng som kånon)

Forteljar: Der fekk dei godt stell og husrom for natta.

A musical score for a soprano saxophone in E♭. The tempo is marked as =56. The dynamic is pp (pianissimo). The instruction sempre non vib (always without vibrato) is written above the staff. The melody consists of eighth-note patterns, some with grace notes. Measure 1 starts with a half note followed by an eighth note. Measures 2-3 show a descending eighth-note scale. Measures 4-5 show a descending eighth-note scale with grace notes. Measures 6-7 show a descending eighth-note scale. Measures 8-9 show a descending eighth-note scale. Measures 10-11 show a descending eighth-note scale. Measures 12-13 show a descending eighth-note scale. Measures 14-15 show a descending eighth-note scale. Measures 16-17 show a descending eighth-note scale. Measures 18-19 show a descending eighth-note scale. Measures 20-21 show a descending eighth-note scale. Measures 22-23 show a descending eighth-note scale. Measures 24-25 show a descending eighth-note scale. Measures 26-27 show a descending eighth-note scale. Measures 28-29 show a descending eighth-note scale. Measures 30-31 show a descending eighth-note scale. Measures 32-33 show a descending eighth-note scale. Measures 34-35 show a descending eighth-note scale. Measures 36-37 show a descending eighth-note scale. Measures 38-39 show a descending eighth-note scale. Measures 40-41 show a descending eighth-note scale. Measures 42-43 show a descending eighth-note scale. Measures 44-45 show a descending eighth-note scale. Measures 46-47 show a descending eighth-note scale. Measures 48-49 show a descending eighth-note scale. Measures 50-51 show a descending eighth-note scale. Measures 52-53 show a descending eighth-note scale. Measures 54-55 show a descending eighth-note scale. Measures 56-57 show a descending eighth-note scale. Measures 58-59 show a descending eighth-note scale. Measures 60-61 show a descending eighth-note scale. Measures 62-63 show a descending eighth-note scale. Measures 64-65 show a descending eighth-note scale. Measures 66-67 show a descending eighth-note scale. Measures 68-69 show a descending eighth-note scale. Measures 70-71 show a descending eighth-note scale. Measures 72-73 show a descending eighth-note scale. Measures 74-75 show a descending eighth-note scale. Measures 76-77 show a descending eighth-note scale. Measures 78-79 show a descending eighth-note scale. Measures 80-81 show a descending eighth-note scale. Measures 82-83 show a descending eighth-note scale. Measures 84-85 show a descending eighth-note scale. Measures 86-87 show a descending eighth-note scale. Measures 88-89 show a descending eighth-note scale. Measures 90-91 show a descending eighth-note scale. Measures 92-93 show a descending eighth-note scale. Measures 94-95 show a descending eighth-note scale. Measures 96-97 show a descending eighth-note scale. Measures 98-99 show a descending eighth-note scale. Measures 100-101 show a descending eighth-note scale.

Forteljar: Neste dag før Signy åleine til kongsgarden og steig fram for kongen.

A handwritten musical score for guitar. The score consists of three measures of music on a single staff. The key signature is B major (two sharps). The first measure starts with a bass clef and a dynamic of  $p$ . It features a melodic line with six notes, each marked with a circled sharp sign (#) above it. Fingering is indicated by small numbers below the notes: the first note is circled 1, the second is circled 2, the third is circled 3, the fourth is circled 4, the fifth is circled 5, and the sixth is circled 6. A 'non vib' instruction is written above the staff. The second measure begins with a bass clef and a dynamic of  $f$ . It contains four notes, each marked with a circled sharp sign (#) above it. Fingering is indicated by small numbers below the notes: the first note is circled 1, the second is circled 2, the third is circled 3, and the fourth is circled 4. The third measure begins with a bass clef and a dynamic of  $f$ . It contains five notes, each marked with a circled sharp sign (#) above it. Fingering is indicated by small numbers below the notes: the first note is circled 1, the second is circled 2, the third is circled 3, the fourth is circled 4, and the fifth is circled 5. Measures are separated by vertical bar lines. Measure lengths are indicated by brackets below the staff: the first measure has a bracket under its first two notes labeled '3', and another bracket under its last four notes labeled '3'. The second measure has a bracket under its first three notes labeled '3'. The third measure has a bracket under its first four notes labeled '3', and another bracket under its last two notes labeled '3'.

Forteljar: "Kva løn ventar det den som kjem heim med Hlini kongsson?" spurde ho.  
"Hlini er borte for godt," sukka kongen. "Ingen kan finne han no. Mennene mine har gitt opp."

Handwritten musical score for string bass, page 10, measures 19-20. The score is in common time (indicated by 'C'). Measure 19 starts with a dynamic 'pp' and a 'non vib' instruction above the first note. Measures 19 and 20 each contain two pairs of eighth-note chords (F#-A and C-G) followed by a fermata. Measure 20 includes a 'rit' (ritardando) instruction above the second pair of chords. Measure 21 begins with a dynamic 'pp' and a 'vib largo' instruction above the first note.

Forteljar:

"Men om eg finn han?" heldt Signy på. "Ville eg då få den løna du har lova ut?"

"Jadå, jadå," sa kongen, "det er visst ingen fare."

Men Signy sprang kåt som ei geit heimatt og henta Hlini. Og det hadde ikkje gått lange stunda før ein merkeleg farkost svinga inn i tunet på kongsgarden. Var det ein bil eller var det ei seng? Nei, bilar fanst no ikkje. Men sengar som gjekk av seg sjølv - det fanst no i alle fall ikkje! Så kongen trudde ikkje det han såg då doningen stansa framfor han og Hlini og Signy hoppa ut.

(♩ = 56)

sempre non vib

Forteljar:

Kongen vart berre ståande og måpe.

Men Hlini tok han i handa og begynte å fortelje.

Forteljar:

Snart måtte kongen tru både det han høynde og såg, og glede strøymde opp i han.

"Og no, far," sa Hlini, "vil eg spørje om eg og Signy kan få gifte oss?"

"Velsigne deg!" sa faren, "Du kan skjøne det!"

Og så vart det lyst til bryllaup i kongsgarden.

"Signy dansar"

No med begge  
dokkene.

(Musikk: SIGNY DANSAR)

Forteljar:

Signy var snill med Hlini, og Hlini var snill med Signy. Og av og til når dei ville ha det litt moro, tok dei seg ein tur i tryllesenga:

(Saman med borna): - Rull, rull osv. (som kånon)

Lat først ostinat A gå nokre taktar. Set så i gang borna (saksofonisten hjelper til). Etter ei stund gå over på ost. B. Veksle så mellom A og B slik at A får ligge oml. dobbelt så lenge som B.

♩ = 66

pno  
ostinat  
A

pno  
ost.  
B

Saksofonen kan etter kvart improvisere oppå kånon-klangen. Etter ei stund kan pianist og ungar ta pause og saksofonist lage ein kadens. Kadensen blir avslutta til ein E-dur-treklang i pianoet.